

**Om covid-19**

Covid-19 (koronasjukdom) gjev i hovudsak luftvegsinfeksjon, men kan også gje symptom frå andre organ. Eldre og vaksne med kroniske sjukdomar har størst risiko for å få alvorleg koronasjukdom. Barn og unge får svært sjeldan alvorleg koronasjukdom.

**Om koronavaksinasjon av barn 5-15 år**

Vaksinasjon av barn 5-15 år kan gje vern, men behovet er avgrensa sidan risiko for alvorleg sjukdom allereie er svært låg. Barn og unge vil også kunne få godt vern ved å gjennomgå koronainfeksjon. Koronavaksine er særleg aktuelt for: a) barn med kroniske sjukdomar, b) barn med nær kontakt med utsette personar, c) barn som skal opphalde seg i land med høgare smitterisiko eller dårlagare tilgang til helsetenester enn i Noreg.

I Noreg brukar vi berre mRNA-vaksinen Comirnaty (BioTech og Pfizer) til barn og ungdom. Ein eigen barkedose er godkjend til bruk frå 5 til og med 11 år. Frå og med 12 år brukast same dose som hos vaksne. Vaksinen inneheld ikkje levande virus og kan ikkje gje koronainfeksjon. Vernet mot alvorleg sjukdom er god tre veker etter første dose. Barn 5-15 år med alvorleg grunnsjukdom blir tilrådd to dosar. Barn med alvorleg grunnsjukdom i alderen 12-15 år blir tilrådd også ein oppfriskningsdose. For resten av barna 5-15 år er det ikkje ei tilråding, men eit tilbod om 1 eller 2 vaksinedosar om dei og føresette ønskjer. Tidlegare gjennomgått covid-19 reduserer behovet for ytterlegare vaksinasjon. For friske barn som skal vaksinerast, vurderer Folkehelseinstituttet at ein dose er det som gjev best nytte-ulempebalanse i denne aldersgruppa. Om dose 2 blir gjeven, er det ein fordel med eit intervall på 8-12 veker mellom dosane. Dette for å minske risikoen for biverknader.

Det er god kunnskap om vanlege biverknader etter vaksinasjon. Dei aller fleste biverknadene oppstår 1-2 dagar etter vaksinasjon, er milde/moderate og går over etter nokre dagar. For somme vil symptoma kunne vere meir kraftige. Vanlege biverknader er smerter og heving på injeksjonsstaden, ein er trøytt, har hovudverk, muskelsmerter, frysningar, leddsmarter og feber. Allergiske reaksjonar førekjem hos somme. Tilfelle med menstruasjonsforstyringar er rapporterte som mogleg biverknad hos unge kvinner etter koronavaksine. Oppfølging av dette føregår.

Betennelse i hjartemuskelen eller hjarteposen (myokarditt/perikarditt) kan i sjeldne tilfelle oppstå etter vaksinasjon. Tilstanden oppstår oftast innan ei veke etter andre dose, og er forbigående slik at dei fleste blir friske innan éin månad. Tilstanden gjev brystmerter, tungpust, hjartebank og feber. Ved slike symptom må ein kontakte lege. Norske hjartelegar har vurdert at koronasjukdom kan gje meir alvorleg hjartepåverknad hos enkelte, enn det som kan oppstå etter vaksinen, og at denne biverknaden ikkje bør hindre barn og ungdom i å få tilbod om vaksine. Ein kan ikkje utelukke andre sjeldne biverknader.

**Før vaksinasjon**

Vaksinering er frivillig. Dei som ikkje har fylt 16 år, må ha samtykke frå føresette til vaksinering. Ved sams foreldreansvar må begge samtykke. Også barn under 16 år har rett til å få informasjon og skal høyrast ut frå kor gammalt og modent det er. Gje melding om barnet tidlegare har hatt alvorleg allergisk reaksjon, eller har fått annan vaksine for mindre enn ei veke sidan. Kva helsetilhøve som gjer at ein ikkje bør ta vaksinen eller at ein treng ekstra vurderingar, er skildra i [eigenerklæringskjema](#). Tilpassa informasjon for barna og utdjuvende informasjon om koronavaksinering av barn finn du på [fhi.no/kvp](http://fhi.no/kvp).

Riv her

Namn på barnet: \_\_\_\_\_

Fødselsdato: \_\_\_\_\_

Eg/vi ønskjer at barnet mitt/vårt blir vaksinert mot covid-19

Kryss av for kva dose det no blir gjeve samtykke til:

Dose 1                      Dose 2

For barn med alvorleg grunnsjukdom:    Dose 3                      Dose 4

Føresette med foreldreansvar:            Føresett 1: \_\_\_\_\_                      Føresett 2: \_\_\_\_\_

Føresett 1: Fullt namn (skriv tydeleg): \_\_\_\_\_

Føresett 1: underskrift: \_\_\_\_\_                      Telefonnummer: \_\_\_\_\_

Føresett 2: Fullt namn (skriv tydeleg): \_\_\_\_\_

Føresett 2: underskrift: \_\_\_\_\_                      Telefonnummer: \_\_\_\_\_

Ev. informasjon til vaksinator om barnet: